



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gry Walle, 5557 2332

## Fråsegn til revisjonsdokument for Eidfjord Nord reguleringa - Eidfjord - Ulvik

---

**Eidfjord Nord reguleringa produserer klimavenleg energi, og har stor samfunnsnytte. Konesjonen vart gitt på ei tid då natur og friluftsliv blei tillagt mykje mindre vekt enn i dag, og konsesjonsvilkåra må moderniserast til dagens miljøstandard.**

**Statsforvaltaren meiner det som hovudregel bør sleppast minstevassføring/miljøbasert vassføring på anadrom sone i dei regulerte vassdraga Eidfjordvassdraget, Simadalselva og i Austdøla, i tillegg til minstevassføringa i Vøringsfossen om sommaren. Tilstrekkeleg mengd vatn, tekniske løysingar og kostnader må greiast ut for Simadalselva og Austdøla.**

---

Vi viser til oversendinga av 25. mars 2021 som gjeld høyring av revisjonsdokumentet for Eidfjord Nord reguleringa.

### Innleiing

Statkraft har utarbeidd eit revisjonsdokument på bakgrunn av innkomne revisjonskrav og føringar frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Dokumentet omtalar ulemper ved utbygginga som er kjent for selskapet, og skal saman med innkomne høyringsfråsegner gi grunnlag for reviderte vilkår.

I St. meld. 14 (2015-2016) s. 95 er revisjon av vasskraftkonesjonar omtalt som «*et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkårene og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem mer i tråd med dagens miljøstandarder.*» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal vurderast opp mot anlegget med føreslegne nye avbøtande tiltak, som kan vere slepp av minstevassføring, miljøtilpassa driftsvassføring eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Det vil vidare bli innført moderne standardvilkår.

Statsforvaltaren vil kommentere reguleringspåverknaden på allmenne interesser som naturmiljø og friluftsliv, og vil foreslå minstevassføring og andre avbøtande tiltak som bør fastsetjast i konsesjonsvilkåra. Etter den nye arbeidsdelinga innan miljøsektoren, er ansvaret for anadrome laksefisk og villrein i denne høyringssaka løfta opp til Miljødirektoratet. Som sektormyndede for landbruk vil vi òg kommentere landbruksdrifta i området.



## Vassforskrifta

Føremålet med vassforskrifta er «..å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene».

Revisjonsrapporten<sup>1</sup> har mellom anna peikt på Eidfjordvassdraget, Simdalselva og Rembesdalsvatnet som vassførekomstar der aktuelle tiltak er minstevassføring og magasinrestriksjonar. Simadalselva og Bjoreio nedre del er i godkjeningsbrev av 4. juli 2016 frå KLD, ført opp som vassførekomstar med miljømål som kan føre med seg krafttap. Vedlegg 1. er ein tabell som viser påverka vassførekomstar i reguleringsområdet, som har tiltak knytt til vassdragsreguleringa.

## Anadrom laksefisk

Revisjonen omfattar fire anadrome vassdrag; Eidfjordvassdraget og Simadalselva i Sysima, og Norddøla og Austdøla i Langsima. Vi vil i hovudsak berre kort omtale laks og sjøaure, og viser til utfyllande omtale frå Miljødirektoratet.

*Eidfjordvassdraget:* Laksestamma i Eidfjordvassdraget er kategorisert som særst dårleg (kvalitetsnormen) og sjøaurestamma som god (lakseregisteret). Vassdraget består av tre avsnitt; Eio (2 km), Veig er lakseførande i om lag 2,5 km, og Bjoreio er lakseførande i om lag 5 km. Om lag 74 % av det opphavlege nedbørsfeltet er fråført. Veig er uregulert. Statkraft Energi AS har sidan 1990- talet undersøkt flaskehalsar i vassdraget, bestandsstatus fisk og har gjennomført tiltak. Selskapet har blant anna søkt om, og fått løyve til å flytte vatn frå sommar til vinter, for å sikre vassføring på anadrom sone heile året. Kunnskapen om flaskehalsar, vassføring, vassdekt areal, stranding av rogn og yngel m.m. er god i vassdraget.

For å unngå at vassføringa skal vere ein flaskehals for fiskeproduksjonen i vassdraget, er det naudsynt å sikre meir vatn om vinteren. Minstevassføringa om sommaren er ikkje avgrensande for anadrom fisk, men tapping av kaldt vatn frå Sysendammen har ført til unaturleg kaldt vatn i Bjoreio. Kaldt vatn fører til dårlegare vekst og auka smoltalder, som igjen fører til redusert produksjon av ungfisk. Vi meiner difor det må sikrast i konsesjonen at minimum 50 % av minstevassføringa i perioden 20. juni - 15. september må sleppast frå Storlia og Isdal, for å unngå unaturleg kaldt vatn i Bjoreio.

For å sikre tilstrekkeleg vassføring i gytetida, meiner vi det bør sleppast 3 m<sup>3</sup>/s i perioden 15. september til 15. november, målt på Høl. For å sikre at gytegroper ikkje vert tørrlagt, og tilstrekkeleg vassdekt areal for ungfisk, meiner vi det i perioden 15. november til 1. juni bør vere ein minstevassføring målt på Blåsteinen på 2 m<sup>3</sup>/s. For å sikre noko fleksibilitet, kan kravet om 2 m<sup>3</sup>/s vere målt over eit døgn, men aldri under 1,5 m<sup>3</sup>/s.

Det bør vurderast å sleppe ein flaum om våren for å sikre utvandring av laksesmolt, om ikkje restfeltet har sørga for naturleg flaum.

Forslag til minstevassføring:

- 1. 6 – 15.9: 11 m<sup>3</sup>/s målt på Høl.
- 20.6 - 15.9: Minimum 50 % av minstevassføringa skal komme frå Storlia og Isdal.
- 15.9 – 15. 11: 3 m<sup>3</sup>/s målt på Høl.
- 15. 11 – 1.6: 2 m<sup>3</sup>/s målt på Blåsteinen. Snitt over døgn, men aldri under 1,5 m<sup>3</sup>/s.

*Simadalselva:* Sjøaurevassdrag, sjøauren er kategorisert som god (lakseregisteret). Vassdraget er anadromt i 4,3 km. Gjennomsnittleg årsvassføring er 23 % av det vassføringa var før reguleringa.



Reduksjonen er størst om sommaren. Vassføringa er i dag rekna som ein flaskehals for fiskeproduksjonen i vassdraget. LFI rapport 224 *Fiskebiologiske undersøkelser i Sima med vurdering av vintervannføring og stranding av gytegroper 2011, 2012 og 2013* viser til at 300 l/s om vinteren truleg er tilstrekkeleg for å sikre dei fleste gytegroper og viktige ungfiskareal. 500 l/s er truleg nok til at vintervassføringa ikkje lenger er ein flaskehals. Lågaste vassføring får ein stort sett i mars, før regulering var gjennomsnittleg vassføring i mars 380 l/s<sup>2</sup>. Vi foreslår ei minstevassføring heile året på 400 l/s, målt på Tveit.

*Osavassdraget (Norrdøla og Austdøla):* Osvavassdraget består av Norrdøla og Austdøla. Frå samløpet og ned til sjøen er det 500 meter. Norrdøla har ei lakseførande strekkje på 2,5 km og i Austdøla er lakseførande strekkje 1 km. I Norrdøla er om lag 53 % årsvassføringa att etter regulering, i Austdøla er det om lag 16 % att. Det er i dag ei sjøaurestamme i vassdraget. Vassføringa er ikkje vurdert å vere flaskehals i Norrdøla. For Austdøla er vassføringa i dag ein flaskehals for produksjon av sjøaure. Vi meiner det bør innførast minstevassføring i Austdøla, og det bør gjennomførast ein utgreiing for å sjå kva som er rett nivå på minstevassføring. Inntil det er avklart foreslår vi 200 l/s heile året, målt på androm sone.

### **Villrein**

Villreinen i Noreg er truga frå mange hald; sjukdom, auka ferdsel, hyttebygging, vegbygging og kraftutbygging er nokre av dei negative faktorane som gjer at villrein er vurdert som «nær truga» på den førebelse revideringa av raudlista som kjem til hausten. Hardangervidda er eit nasjonalt viktig villreinområde der stamma no er under press frå fleire hald. Sumeffekten av alle dei negative faktorane fører m.a. til låg vekt på kalvar og fare for sjukdom som t.d. fotråteutbrotet i 2019. Truleg blir stamma pressa til å vere tettare saman på mindre område enn tidlegare.

For villreinen er det viktig at trekkvegane blir oppretthaldne, og med kalvingsland der dei får vere i ro og fred. Mange av trekkvegane er i dag ute av bruk grunna stor menneskeleg ferdsel, hytteutbygging og tilhøyrande trafikk, vegbygging og kraftutbygging. Villreinen på Hardangervidda nyttar tidvis dei relativt rolege områda vest for Hardangerjøkulen som sumararbeite og det er viktig at dei trekkpassasjene som bind saman sentralvidda og fjellområda i Ulvik blir haldne ope. Rein frå Nordfjella har òg tidvis trekt ned i desse områda for beiting, sjølv om slik utveksling av dyr, med dagens sjukdomssituasjon (CWD), ikkje lengre er ønskjeleg. Det er den totale belastninga på Hardangervidda som truleg no er over tolegrensa for at vi i framtida skal kunne ha Europas viktigaste villreinstamme her.

Vi viser til fråsegn frå villreinnemnd og utval for detaljert kunnskap om kritiske punkt for villreinen innanfor revisjonsområdet.

### **Anna viktig naturmangfald**

Det er registrert mange verdiar knytt til reguleringsområdet. Ved Vøringsfossen er det til dømes ei særskilt viktig fossesprøytsone – ei av dei største og mest velutvikla fossesprøytsone i landet. Det er usikkert i kor stor grad vassdragsreguleringa har påverka vegetasjonen her. I Isdalsvatnet er det registrert hekkande storlom, og inste del av vatnet er eit viktig våtmarksområde for fugl.

### **Landskap og friluftsliv**

Store delar av reguleringsområdet ligg innafor eit særskilt viktig friluftslivsområde (naturbase), og med landskap kategorisert i klasse A i Fylkesdelplan for små vasskraft i Hordaland 2009 – 2021. Reguleringsområdet grenser til Hardangervidda nasjonalpark og Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsverneområde, og i tillegg ligg Bjoreiddalen naturreservat innanfor reguleringsområdet.



Vøringsfossen er ein av Noregs mest besøkte naturattraksjonar. I samband med nasjonal turistveg er utsiktsområdet oppgradert, m.a. er det bygd ei gangbru over elva like ovanfor fossen. Av omsyn til denne viktige turistattraksjonen vart det innført minstevassføring i sommarhalvåret når konsesjonen vart gitt. Dette blir òg ivaretatt i det nye manøvreringsreglementet.

### **Landbruk**

Det er fleire beitelag som har beiteområde i eller nær reguleringsområde. Ulvik beitelag sitt beiteområde dekker store deler av Rundavatn i nord. Her beitar det rett over 900 lam og 500 sau. Isdal-Skytjedal, Søre Skjold og vestlege del av Halne beitelag har beiteområde rundt Sysenvatn. Her går det om lag 1300 sau, 1900 lam og 50 storfe. Lenger sør i Bjoreio og litt av Høl restfelt har Øvre Eidfjord Beitelag sitt beiteområde kor det går rett under 1400 lam og over 700 sau.

Anleggsvegar tilhøyrande kraftanlegget er positive for beitenæringa med tanke på tilsyn og slepp av dyr. Ein må òg vere bevisst på korleis utbygginga kan påverke gjerdeeffekten i fjellområdet, og det bør vurderast konkret behovet for eventuelle tiltak for å bøte på dette. Vi reknar med at dette har vore vurdert og er kompensert i skjønnet. Om dette ikkje er tilfelle, bør det vurderast om avbøtande tiltak kan heimlast i dei nye konsesjonsvilkåra.

For jordbruksareal er det generelt mest fulldyrka jord i sør- og nordenden av Eidfjordvatnet og ovanfor Isdalsvatnet. Langs Simadalselva og ved Høl er det meir innmarksbeite. Isdalsvatnet er den einaste vassførekomsten som er registrert som påverka av jordbruk og vasskraft ved nemnte områder med jordbruksareal.

### **Konklusjon/tilråding**

For at miljøtilhøva kjem meir i tråd med dagens standard, legg vi til grunn at følgjande blir innarbeidd i konsesjonen:

- Heilårs, variabel minstevassføring i Eidfjordvassdraget.
- Heilårs minstevassføring i Simadalselva, målt på Tveit.
- Heilårs minstevassføring i Austdøla, målt på anadrom strekkje.

Med helsing

Eline Orheim  
fung. miljødirektør

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



1. NVE rapport 49/2013. Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioriteringer.
2. LFI rapport 166. Statusrapport for langsiktige undersøkelser av laksefisk i seks regulerte vassdrag i Hardanger 2007-2008

Kopi til:

|                   |                            |      |           |
|-------------------|----------------------------|------|-----------|
| Ulvik herad       | Skeiesvegen 3              | 5730 | ULVIK     |
| Eidfjord kommune  | Simadalsvegen 1            | 5783 | EIDFJORD  |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672<br>Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |

Vedlegg 1. Tabell med vassførekomst med tiltak knytt til påverknaden frå vassdragsreguleringa.

| Vassførekomst                                   | ID         | SMVF | Tilstand    | Miljømål | Tiltak og status   |
|---|------------|------|-------------|----------|--|
| Eio   | 050-95-R   | Ja   | Dårleg      | GØP      | Problemkartlegging - gjennomført   |
| Bjoreio – frå dam Tveitofoss til Eidfjorvatnet  | 050-104-R  | Ja   | Dårleg      | GØP      | Omløpsventil – ferdig<br>Betre nedvandring Tveitofoss – ferdig<br>Sesongbasert minstevassføring – føreslått<br>Habitattiltak, gyteplass og skjul – ferdig<br>Åpne sideløp – Ikkje gjennomført som planlagt, står som ferdig<br>Utsetting av fisk – ferdig<br>Problemkartlegging – ferdig<br>Temperaturregulering via inntak – føreslått<br>Dempa effektkøyning - føreslått |
| Bjoreio overføring frå Sysenvatnet – dam Tveito | 050-105-R  | Ja   | Moderat     | GØP      | Dempa effektkøyning  |
| Sysenvatnet                                     | 050-1907-L | Ja   | Moderat     | MSM      | Problemkartlegging - ferdig  |
| Isdøla Isdalsvatnet – Bjoreio                   | 050-106-R  | Ja   | Moderat     | GØP      | Opprette fiskepassasje – føreslått<br>Problemkartlegging - avvist  |
| Isdalsvatnet                                    | 050-1906-L | Ja   | Moderat     | GØP      | Problemkartlegging - føreslått   |
| Isdølo inntak – Isdalsvatnet                    | 050-107-R  | Ja   | God         | GØP      | Problemkartlegging - avvist  |
| Rembesdalselvi                                  | 050-20-R   | Ja   | Moderat     | MSM      | Problemkartlegging - avvist  |
| Rembesdalsvatnet                                | 050-1914-L | Ja   | Særs dårleg | GØP      | Magasinrestriksjonar – avvist<br>Problemkartlegging - avvist   |
| Nordelva  | 050-19-R   | Ja   | Moderat     | GØP      | Problemkartlegging – avvist<br>Variabel miljøtilpassa vassføring – avvist  |



|   |                 |    |         |     |  |
|---|-----------------|----|---------|-----|--|
| Sima anadrom strekning                            | 050-141-R       | Ja | Moderat | GØP | Betre gyteplassar – starta<br>Problemkartlegging – starta<br>Tersklar – ferdig<br>Tilføre daud ved – starta<br>Utsetting av fisk – ferdig<br>Utsetting av stein – starta<br>Variabel miljøtilpassa vassføring – planlagt |
| Skredåni  | 050-23-R        | Ja | Moderat | MSM | Problemkartlegging - avvist  |
| Langavatnet                                       | 051-1921-L      | Ja | Moderat | MSM | Problemkartlegging – ferdig<br>Utsetting av fisk- starta   |
| Øvre Austdøla                                     | 051-12-R        | Ja | Dårleg  | GØP | Problemkartlegging – avvist<br>Tersklar - ferdig   |
| Rundavatnet                                       | 051-1918-L      | Ja | Moderat | GØP | Fiskeundersøking – føreslått   |
| Austdalsnutvatnet                                 | 051-1917-L      | Ja | Moderat | GØP | Fiskeundersøking – føreslått   |
| Nedre Austdøla                                    | 051-13-R        | Ja | Moderat | GØP | Etablering av skjul, utsetting av stein – planlagt<br>Habitattiltak – starta<br>Problemkartlegging – starta<br>Utsetting av fisk – ferdig<br>Variabel miljøtilpassa vassføring – avvist                                  |
| Norrdøla nedstraums<br>inntak Lang-Sima kraftverk | 051-5-R         | Ja | Dårleg  | GØP | Problemkartlegging – avvist<br>Variabel miljøtilpassa vassføring – avvist  |
| Skurlsvatnet                                      | 051-1916-L      | Ja | Moderat | GØP | Fiskeundersøking - føreslått   |
| Floskefonnvatn                                    | 051-16623-<br>L | Ja | Moderat | GØP | Problemkartlegging - avvist  |
| Norrdøla nedre                                    | 051-6-R         | Ja | Dårleg  | GØP | Terskler - ferdig<br>Utsetting av fisk i ulike stadier - ferdig<br>Problemkartlegging fisk - planlagt<br>Utsetting av stein - startet  |



|                 |             |    |         |     |  |
|-----------------|-------------|----|---------|-----|--|
|                 |             |    |         |     | Etablere kantvegetasjon - planlagt<br>Vedlikeholde eksisterende anlegg for anadrom fisk - startet<br>Variabel miljøtilpasset vannføring - avvist |
| Nedre Demmevatn | 050-16871-L | Ja | Moderat | GØP | Problemkartlegging - avvist  |
| Oneåa           | 050-27-R    | Ja | Dårleg  | MSM | Problemkartlegging - avvist<br>Variabel miljøtilpasset vannføring - avvist   |
| Åsåna           | 050-25-R    | Ja | Moderat | GØP | Problemkartlegging - avvist<br>Variabel miljøtilpasset vannføring - avvist   |